

Reformasjonens

5 Solas



Bremanger/Hauge 10.06.2017

Kristus åleine

Matteus 17:1-2,5-8

«Seks dagar etter tok Jesus med seg Peter, Jakob og Johannes, bror hans, og førde dei opp på eit høgt fjell, der dei var åleine. ² Og han vart forklåra for augo deira. Andletet hans skein som sola, og kleda hans vart kvite som ljoset. (...) ⁵ Enno medan han tala, sjå, då kom ei lysande sky og skygde over dei. Og sjå, ut or skya høyrdest ei røyst som sa: Dette er Son min, som eg elsker, han som eg har hugnad i! Høyr han! ⁶ Då læresveinane høyrde det, fall dei ned med andleta mot jorda, fylte av redsle. ⁷ Men Jesus gjekk bort og rørde ved dei og sa: Reis dykk opp, og ver ikkje redde! ⁸ Men då dei såg opp, såg dei ingen utan Jesus åleine».

Hebreerbrevet 12:2 «... med auga feste på Jesus ...»

Kristus åleine er vår frelse.

«Og det er ikkje frelse i nokon annan. For det finst ikkje noko anna namn under himmelen, gjeve mellom menneske, som vi kan verta frelste ved».

Apostelgjerningane 4:12

«Jesus seier til han: Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan ved meg».

Johannes 14:6

«For det er éin Gud, og éin mellommann mellom Gud og menneske, mennesket Kristus Jesus»,

1.Timoteus 2:5

Kristus er den einaste kjelde til indre fred.

«Men no, i Kristus Jesus, er de som før var langt borte, komne nær til ved Kristi blod. For han er vår fred ...»

Efeserbrevet 2:13-14a

«Så lenge di sjel er i deg, så må du legge all di tillit i denne døden åleine. Stol ikkje på noko anna. Vedkjenn deg heilt og fullt til denne død. Skjul deg heilt og fullt i denne død. Og om Gud vil døme deg, så sei til han: "Herre, eg set Jesu Kristi død mellom meg og dommen, og utan den har eg ingenting å kome med for deg." Og om Gud seier du er ein syndar, så sei til han: "Herre, eg set Jesu Kristi død mellom meg og mine synder».

Anselm, erkebiskop av Canterbury, 1093

Kristus er vårt liv

«For vart vi forlikte med Gud ved at Son hans døydde, då vi var fiendar, skal vi så mykje meir verta frelste ved hans liv, etter at vi har vorte forlikte».

Romarbrevet 5:10

«Kven er den som fordømer? Kristus er den som er død; ja, meir enn det: som òg er stått opp, som òg er ved Guds høgre hand, som òg går i forbøn for oss»

Romerbrevet 8:34

«Difor kan han òg fullkomeleg frelsa dei som kjem til Gud ved han, då han alltid lever for å gå i forbøn for dei»

Hebreerbrevet 7:25

Kristus er vårt eksempel som til å leve eit heilagt liv

«Eg har gjeve dykk eit forbilde, så de òg skal gjera slik eg har gjort mot dykk»

Johannes 13:15

«Vert mine etterfylgjarar, liksom eg fylgjer etter Kristus!»

1.Korinterbrev 11:1

«Den som seier seg å vera i han, han er òg skuldig å ferdast slik som han ferdast.»

1.Johannes' brev 2:6

«For dei han forut kjende, dei har han òg forut utsett til å verta likedanna med biletet av Son hans, så han skulle vera den førstefødde mellom mange brør.»

Romarbrevet 8:29

Kristus åleine er vår kjelde til håp og trøyst

«Denne Jesus, som er teken opp frå dykk til himmelen, skal koma att på same måten som de såg han fara opp til himmelen!»

Apostelgjerningane 1:11

«Ver tolmelige, brør, til Herren kjem! Sjå, bonden ventar på den dyre grøda frå jorda. Han ventar tolmelig på henne, til dess ho har fått tidlegregn og seinregn.»

Jakobs brev 5:7

C.S. Lewis: «Det er etter at mange kristne har slutta å tenke på den andre verda at dei er blitt så ineffektive. Ha himmelen som mål, og du vil eige jorda; sikt mot jorda, og du vil ikkje få noko av delane.»